



A/STAB
v/Ingvill Osland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7213 - 16/32248

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
24.11.2016

Mottakskontroll reguleringsplan for Nappane småbåtanlegg

Vi viser til dykkar planforslag som vart sendt til oss 26.09.2016. Etter å ha gått gjennom alt materialet, må vi diverre melde tilbake at planen har enkelte større og mindre manglar som må rettast opp før den kan takast opp til 1. gangs handsaming og sendast på høyring.

I skjemaet nedanfor kjem manglane fram. Det de finn under «Tekniske feil og manglar» må rettast opp, og er i hovudsak ikkje noko ein kan diskutere. Det som kjem fram under «Våre tilrådingar» inneheld ikkje direkte feil, men er tema der vi meiner at noko er uklart og bør utgreiast/avklarast nærare. Dette er tema som vil bli problematisert i den seinare sakshandsaminga av planen, og kvar det vil kunne kome krav om eventuelle justeringar. I det opne feltet «Kommentar» kan planleggar svare på merknaden gjennom forklaring på kva som er retta og korleis dette er gjort.

Ta gjerne kontakt med kommunen om de har spørsmål. Vi vil minne om at sakshandsamingsfristen hos Lindås kommune er stoppa som følgje av dei omtalte merknadene og manglane.

Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet!

TEKNISKE FEIL OG MANGLAR

GENERELT		KOMMENTAR
1	Vi har ikkje motteke SOSI-fil for planframlegget. Dette må sendast inn.	
2	Småbåtanlegget må ha sløkkereiskap for brann og tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet. Det må gå fram av planskildringa kva løysing ein baserer seg	



	på, og det må gå fram av føresegnene at det skal vere sløkkereiskap og –kapasitet, samt at dette må verte dokumentert seinast ved innsending av byggesøknad.	
2	Småbåtanlegget må ha rutiner/utstyr som sikrar at miljøfarleg avfall vert handtert på riktig måte. Metode må skildrast i planskildringa, og det må også gå fram av føresegnene at dette vert sikra. Vi tilrår at det vert sett av eit eige område i plankartet for avfallshandtering, alternativt at det går fram av føresegnene at det skal etablerast avfallsløysing innanfor BBS2.	
FØRESEGNER		KOMMENTAR
5	Under § 3.3: Vi ber om at det vert lagt inn at naustet skal verte utført slik at det ikkje tek skade av høg vasstand, eller at det må plasserast minimum på kote + 2,5 meter. Ved høgdeplassering under kote + 2,5 meter, skal det ved byggesøknad leggast ved dokumentasjon på at naustet vil verte utført slik at det toler både spring- og stormflod (jf. kommuneplanen § 1.30). Dette vil gjelde for nybygging av naust.	
6	Under § 3.3: Vi ber om at det vert lagt inn at føremålsgrensa for naust gjeld som byggegrense.	
7	Det må sikrast at funna frå bølgeanalysen vert følgt opp når ein kjem til byggefasen, og det må difor gå fram av føresegnene at utforminga av flytebrygga og/eller plasseringa av bølgebrytarar er i tråd med funna i bølgeanalysen.	
PLANKART		KOMMENTAR
8	Føremålet forankringsområde må verte lagt inn i plankartet, då kommuneplanen ikkje opnar for dette.	

VÅRE TILRÅDINGAR

FØRESEGNER		KOMMENTAR
	Under § 3.1: Vi tilrår at det vert lagt inn at alle tiltak i sjø (t.d. flytebrygge, bølgedempar, forankring) krev løyve frå aktuelt hamnevesen og at dette skal vere gitt før det vert søkt om byggeløyve hos kommunen	
	Under § 3.1.4: Vi tilrår at det vert spesifisert at biloppstillingsplassar for småbåtanlegget er innanfor f_SPP.	
	Under § 3.2: Vi tilrår at det vert lagt inn at BBS2 skal fungere som offentleg kai og båtopprekk. I samband med etablering av småbåthamna skal ikkje dagens funksjon som offentleg kai og båtopptrekk endrast.	
	Vi tilrår at det vert lagt inn at rørslehemma skal kunne begeve seg trinnfritt mellom BBS2 og BSB.	
PLANKART		KOMMENTAR
	Vi tilrår at det vert lagt inn frisisiktsone i plankartet, ved avkjørsle til f_SPP. Vi tilrår også at det vert lagt inn tekst i føresegnene som skildrar at det ikkje er tillate med sikthindringar innanfor frisisiktsona som er høgare enn 0,5 meter over tilstøytande veg. Det som står i føresegn om at avkjørsle skal vere felles med Radsundet hyttefelt i § 4.4.3 må verte bakt inn i i dette.	

Med helsing

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

A/STAB

A/STAB